

Offentlege høyringsinstansar

Norheimsund, 15.05.2020

Dykkar ref:


Prosjekt: Regulering Kvam vgs, 4622 20190006

Vår ref: 2643


## **MELDING OM UTVIDING AV PLANOMRÅDE FOR DETALJREGULERINGSPLAN (4622) 20190006 KVAM VIDAREGÅANDE SKULE, NORHEIMSUND, KVAM HERAD**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla om utviding av planavgrensing for detaljreguleringsplan (4622) 20190006 for Kvam vidaregåande skule. Viser til tidlegare utsendt varslingsbrev datert 10.02.2020 – oppstart av detaljreguleringsplan for eigedom gnr. 11 bnr. 112 m.fl., i Norheimsund sentrum, Kvam herad. Planområdet er justert for å kunne sikre ei heilskapleg løysing for nytt skulebygg og tilgrensande områder.

Geoplan AS arbeider, på oppdrag for Vestland fylkeskommune, med eit framlegg til detaljreguleringsplan for området, i samsvar med gjeldande kommuneplan for Kvam 2019-2030. Løysingar i reguleringsplanen vert basert på mogleighetsstudie og trafikkanalyse utarbeidd av Norconsult AS. Reguleringsplanen vil erstatte reguleringsplan (1238) 20110017 *Norheimsund skule uteområde*, i tillegg til deler av reguleringsplan (1238) 19850002 *Norheimsund vestre del 1*, (1238) 19940004 *Kyrkjetomta* og (1238) 20050001 *Straumen-Sandven Nord*. Utviding av planområde vert kunngjort i avisa Hordaland Folkeblad 19.05.2020. Planområdet har ein storleik på om lag 21,5 daa, og ny plangrense er illustrert på kartskissa nedanfor.



Utvidinga av planområdet er markert med raudt.



**Frist for innspel til planarbeidet er sett til 20.06.2020.**

Innspel som kan ha innverknad på, eller vere av interesse for, planarbeidet, skal sendast Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; [post@geoplan.no](mailto:post@geoplan.no). Spørsmål rettast til Geoplan AS på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt til Kvam herad for handsaming.

Med helsing

Ingvild Eikefjord  
Sivilarkitekt MNAL / arealplanleggjar

På vegner av:

